



William og Ella Karina Hjørnevåg klare for tussaturen. (Foto: Janne Hjørnevåg)

**Onsdag kveld frå klokka 17.30 til 19 arrangerer turngruppa tussatur på Heio.
Og kva er så ein tussatur?
Det er eit arrangement som høver for heile familien, opplyser Janne Hjørnevåg.**

Barnetrimmen og idrettsskulen går ut denne onsdagen til fordel for utandørs-arrangementet. Det blir refleksløype i skogen ved sida av grasbanen – med skumle natursti-oppgåver undervegs og premiering av vinnar.

Sidan turen går føre seg ute og i mørke, er det viktig at ein tek på seg varme klede, refleksvest og at ein også tek med seg lommelykt/hodelykt og sitteunderlag.

Etter turen serverer turngruppa kaffe/kakao og ferske bollar/lappar ved pøsebua på grasbanen. Arrangementet er naturleg nok veravhengig og hvis det er for tøft å vera ute, blir det trim som vanleg, opplysar Janne.